



DET KONGELEGE  
FORSVARSDPARTEMENT

# Prop. 33 S

(2010–2011)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

## Endringar i statsbudsjettet for 2010 under Forsvarsdepartementet

*Tilråding frå Forsvarsdepartementet av 19. november 2010,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Stoltenberg II)*

### 1 Føremål og hovudoversikt

#### 1.1 Føremål

I denne proposisjonen legg regjeringa fram forslag om endringar i løyvingar i forsvarsbudsjettet for 2010. Siktemålet er å skape best mogleg samsvare mellom løyvingane under dei einssilde kapitla og postane, og endringar i budsjettføresetnadene som har skjedd sidan forsvarsbudsjettet for 2010 vart utarbeidd.

På grunn av den komplekse samansetjinga av kapitla, med svært variable storleikar, er omgrupperingsproposisjonen eit naudsynt verktøy for å sikre god økonomistyring i forsvarssektoren. Tiltak for å møte endringar i føresetnadene som oppstår i gjennomføringsåret, vert såleis handsama samla og formalisert på rett måte. Regjeringa er oppteken av å halde omfanget av omgrupperingane på eit så lågt nivå som mogleg.

Omgrupperingsproposisjonen for 2010 tek føre seg budsjettekniske endringar. I tillegg vert lønnskompensasjonen for 2010 og meirinntekter for 2010 foreslått formalisert samt at regjeringa foreslår ei tilleggsløyving. Totalt utgjer omgrupperinga ein auke i løyvinga til Forsvarsdepartemen-

tet på 512,628 mill. kroner. I tillegg foreslår regjeringa å auke einssilde bestillingsfullmakter.

#### 1.2 Tilleggsløyvingar

Etableringa av den særssilde kompensasjonsordninga for psykiske belastningsskadar som følgje av deltaking i utanlandsoperasjonar, innebar ei tildeiling i forsvarsbudsjettet for 2010 på 50 mill. kroner for å dekkje utgiftene knytte til ordninga. Røynslene med ordninga så langt har synt at både omfanget av utgiftene, og periodiseringa av desse, er blitt annleis enn det ein tidlegare la til grunn med tanke på samla kompensasjon, jf. handsaminga i Stortinget av Innst. O. nr. 113 (2008–2009) til Ot.prp. nr. 67 (2008–2009). Totalkostnadene som vart omtala i Ot.prp. nr. 67 (2008–2009) var som presisert eit anslag. Regjeringa informerte om dette i Prop. 1 S (2009–2010) og dei endelege utgiftene knytte til erstatningsordninga vil først kunne bli fastsett når alle krava er behandla. På denne bakgrunnen gjer regjeringa framlegg om ein auke i løyvinga for 2010 med 100 mill. kroner for å dekkje dei utgiftene som vert knytte til ordninga.

**1.3 Grunnlaget for omgrupperinga**

endringane gjort av Stortinget. Det er òg teke omsyn til forsvarssektoren sin del av lønnskompensasjonen for 2010 (328,114 mill. kroner).

**1.3.1 Økonomisk grunnlag**

Grunnlaget for omgrupperinga er saldert budsjett for 2010, midlar ført over frå 2009 og dei seinare

Tabell 1.1 Faktisk løyving på utgiftssida, før omgruppering 2010, kjem fram slik (i 1 000 kroner):

Saldert budsjett 2010	34 930 906
Innst. 189 S (2009–2010) til Prop. 69 S (2009–2010) – <i>Norske styrkebidrag til Afghanistan og utgifter i 2010</i>	188 000
Innst. 350 S (2009–2010) til Prop. 69 S (2009–2010) – <i>Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2010 (RNB)</i>	149 795
Innst. 372 S (2009–2010) til Prop. 144 S (2009–2010) <i>Endringar i "Regulativ for tillegg o.a. til utskrivne vernepliktige mannskap" ("soldatproposisjonen")</i>	15 514
Budsjettmessige verknader av lønnsoppgjeret i det statlege tariffområdet i 2010	328 114
= Faktisk løyving før omgruppering	35 612 329
+ Midlar ført over frå 2009	997 294
= Disponible midlar i 2010 før omgrupperinga	36 609 623

Tabell 1.2 Disponibel løyving på inntektssida, før omgruppering 2010, kjem fram slik (i 1 000 kroner):

Saldert budsjett 2010	1 225 610
Innst. 350 S (2009–2010) til Prop. 69 S (2009–2010) – <i>Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2010 (RNB)</i>	18 095
= Løyvingar før omgruppering	1 243 705

**1.3.2 Inntekter i 2010**

I høve til saldert budsjett for 2010, med dei seinare endringane gjort av Stortinget, er det ei meirinntekt på 412,628 mill. kroner som vert foreslått

lagt til utgiftssida. Det vert i denne samanhengen vist til Forsvarsdepartementet sin meirinntektsfullmakt i Prop. 1 S (2009–2010) under romartalsvedtak II.

Tabell 1.3 Løyvingsbehov på utgiftssida i samband med omgrupperingsproposisjonen vert slik (i 1 000 kroner):

Auke på utgiftssida grunna meirinntekter førde til utgiftssida	412 628
+ Tilleggløyvingar	100 000
= Sum behov ved omgrupperinga	512 628
+ Løyvingar før omgrupperinga	35 612 329
= Samla løyvingar etter omgrupperinga	36 124 957
+ Midlar ført over frå 2009	997 294
= Samla disponible midlar i 2010 etter omgrupperinga	37 122 251

Tabell 1.4 Løyvingsbehovet på inntektssida i samband med omgrupperingsproposisjonen vert slik (i 1000 kroner):

Løyvingar før omgrupperinga	1 243 705
Meirinntekter	412 628
= Løyvingar etter omgrupperinga	1 656 333

Regjeringa foreslår på denne bakgrunn, under forslag til vedtak, at utgiftsramma vert auka med 512,628 mill. kroner og at inntektsramma vert auka med 412,628 mill. kroner.

### 1.3.3 Utgifter

Tala i tabellane nedanfor syner netto endringar på dei ulike postane. Utgiftstabellen er inkludert fordeling av meirinntekter.

Tabell 1.5 Postfordeling utgifter

		(i 1 000 kroner)
Post	Føremål	Mindreutg./Meirutg.+
01	Driftsutgifter	586 590
21	Spesielle driftsutgifter	999
43	Til disposisjon for Forsvarsdepartementet	-14 500
44	Fellesfinansierte byggje- og anleggsarbeid, nasjonalfinansiert del	-27 000
48	Fellesfinansierte byggje- og anleggsarbeid, fellesfinansiert del	-83 000
72	Overføringar til andre	239
73	Forsking og utvikling	-700
75	Fellesfinansierte byggje- og anleggsarbeid, Noregs tilskott til NATOs investeringsprogram for tryggleik	50 000
Sum		512 628

### 1.3.4 Inntekter

Tabell 1.6 Postfordeling inntekter

		(i 1 000 kroner)
Post	Formål	Mindreinnt. -/Meirinnt.+
01	Driftsinntekter	422 328
45	Store nyskaffingar	50 300
48	Fellesfinansierte byggje- og anleggsarbeid, fellesfinansiert del	-60 000
Sum		412 628

## 2 Forslag til utgifts- og inntektsendringane på postnivå

### 2.1 Utgifter

Den totale utgiftsramma vert foreslått auka med

512,628 mill. kroner. Driftsbudsjettet vert totalt foreslått auka med 572,628 mill. kroner, medan investeringsbudsjettet vert foreslått redusert med 60 mill. kroner.

Nedanfor er dei viktigaste endringane forklart på post- og kapittelnivå.

### 2.1.1 Post 01 Driftsutgifter

Post 01 vert foreslått auka med totalt 586,590 mill. kroner.

Post 01 vert foreslått tilført 472,628 mill. kroner i meirinntekter frå dei ulike inntektskapitla. Posten vert vidare foreslått auka med 100 mill. kroner til kompensasjonsordninga for psykiske belastningsskadar som følgje av deltaking i utanlandsoperasjonar. Grunna lågare utgifter enn budsjettert vert det vidare foreslått å omdisponere 14,5 mill. kroner frå post 43 *Til disposisjon for Forsvarsdepartementet* og 0,7 mill. kroner frå post 73 *Forskning og utvikling* til post 01.

Det vert vidare foreslått å auke post 21 (0,999 mill. kroner) og post 72 (0,239 mill. kroner) av budsjettekniske grunnar.

#### *Kap. 1719 Fellesutgifter og tilskott til føretak under Forsvarsdepartementet*

Posten vert foreslått redusert med 5,789 mill. kroner for å dekkje ymse meirbehov på andre kapittel og postar.

#### *Kap. 1720 Felles leiings- og kommandoapparat*

Post 01 vert foreslått redusert med netto 88,623 mill. kroner.

Reduksjonen på posten gjeld m.a. teknisk justering som følgje av organisatoriske endringar i Forsvarets logistikkorganisasjon (143,1 mill. kroner).

Auken på posten gjeld m.a. omdisponering for gjennomføring av øving Gemini (5 mill. kroner), vakthald på Kolsås (3 mill. kroner) samt gjennomføring av "felles opptak og seleksjon" (2,1 mill. kroner). Posten vert vidare foreslått auka med 0,7 mill. kroner for å dekkje Forsvarets sanitets kostnader knytte til gjennomføring av ei etterundersøking av personell frå utanlandsoperasjonar, samt for eit prosjekt for å styrkje oppfølginga i misjonsområdet. I tillegg vert posten foreslått auka med 41 mill. kroner grunna meirinntekter. Meirinntekta har ei tilsvarende ikkje-budsjettert utgiftsside, jf. omtale under kapittel 4720, post 01. I tillegg vert det foreslått andre tekniske justeringar mot andre kapittel som samla gir ei netto auke på 2,7 mill. kroner.

#### *Kap. 1723 Nasjonalt tryggingsorgan*

Post 01 vert foreslått redusert med 0,400 mill. kroner som gjeld ein teknisk korrigerings av løyvinga i 2010.

#### *Kap. 1725 Fellesinstitusjonar og -utgifter under Forsvarsstaben*

Post 01 vert foreslått auka med netto 130,720 mill. kroner.

Auken på posten gjeld m.a. teknisk justering som følgje av organisatoriske endringar i Forsvarets logistikkorganisasjon (1,2 mill. kroner). Posten vert vidare foreslått auka med 100 mill. kroner knytt til løyvinga for kompensasjonsordninga for psykiske belastningsskadar som følgje av deltaking i utanlandsoperasjonar.

Auken gjeld vidare høgare kostnader til utanlandsstillingar enn opphavleg budsjettert for i 2010 (16,1 mill. kroner) samt justering av rutinene for avlønning av befal og sivile utan fast stilling (15 mill. kroner). Posten vert vidare foreslått auka med 5,1 mill. kroner grunna meirinntekter. Meirinntekta har ei tilsvarende ikkje-budsjettert utgiftsside, jf. omtale under kapittel 4725, post 01. I tillegg vert det foreslått andre tekniske justeringar mot andre kapittel som samla gir ein netto auke på 0,4 mill. kroner.

Reduksjonen på posten gjeld m.a. omdisponeringar til kapittel 1720 som følgje av teknisk omdisponering for gjennomføring av øving Gemini (5 mill. kroner) samt gjennomføring av "felles opptak og seleksjon" (2,1 mill. kroner).

#### *Kap. 1731 Hæren*

Post 01 vert foreslått auka med netto 49,032 mill. kroner.

Auken på posten gjeld m.a. 13 mill. kroner grunna meirinntekter. Meirinntekta har ei tilsvarende ikkje-budsjettert utgiftsside, jf. omtale under kapittel 4731, post 01. Auken knytt seg vidare til tekniske omdisponeringar som følgje av gjennomføring av vintertenestekurs (1,7 mill. kroner). Posten vert også foreslått auka med 50,3 mill. kroner for å skaffe meir øvingsammunisjon. I tillegg vert det foreslått andre tekniske justeringar mot andre kapittel som samla gir ei netto auke på om lag 0,5 mill. kroner.

Reduksjonen på posten gjeld m.a. teknisk justering som følgje av organisatoriske endringar i Forsvarets logistikkorganisasjon (16,5 mill. kroner).

*Kap. 1732 Sjøforsvaret*

Post 01 vert foreslått auka med netto 27,248 mill. kroner.

Auken på posten gjeld m.a. teknisk justering som følgje av organisatoriske endringar i Forsvarets logistikkorganisasjon (24,3 mill. kroner). Auken vert vidare knytt til at uttak av personleg utrusting til Luftforsvarets rekruttar ved KNM Harald Haarfagre (15 mill. kroner) som vert skrive på Sjøforsvaret. I tillegg vert posten foreslått auka med 5,6 mill. kroner grunna meirinntekter. Meirinntekta har ei tilsvarende ikkje-budsjettert utgiftsside, jf. omtale under kapittel 4732, post 01.

Reduksjonen på posten vert knytt til forskuving innføring av Skjold-klasse fartøy (16,1 mill. kroner). I tillegg vert det foreslått andre tekniske justeringar mot andre kapittel som samla gir ein netto reduksjon på 1,6 mill. kroner.

*Kap. 1733 Luftforsvaret*

Post 01 vert foreslått auka med netto 84,386 mill. kroner.

Auken på posten gjeld m.a. teknisk justering som følgje av organisatoriske endringar i Forsvarets logistikkorganisasjon (49,9 mill. kroner). I tillegg vert posten foreslått auka med 58,7 mill. kroner grunna meirinntekter. Meirinntekta har ei tilsvarende ikkje-budsjettert utgiftsside, jf. omtale under kapittel 4733, post 01.

Reduksjonen på posten vert knytt til at uttak av personleg utrusting til Luftforsvarets rekruttar ved KNM Harald Haarfagre som vert skrive på Sjøforsvaret (15 mill. kroner). Reduksjonen knytt seg vidare til at utdanning av utskrive befal for Luftforsvaret vert utført og skrive på Heimevernet (6,3 mill. kroner). I tillegg vert det foreslått andre tekniske justeringar mot andre kapittel som samla gir ein netto reduksjon på 2,9 mill. kroner.

*Kap. 1734 Heimevernet*

Post 01 vert foreslått redusert med netto 0,521 mill. kroner.

Reduksjonen på posten gjeld teknisk justering som følgje av organisatoriske endringar i Forsvarets logistikkorganisasjon (11,7 mill. kroner).

Auken på posten vert knytt til at utdanning av utskrive befal for Luftforsvaret vert utført og belasta Heimevernet (6,3 mill. kroner). Posten vert vidare foreslått auka med 2,5 mill. kroner grunna meirinntekter. Meirinntekta har ei tilsvarende ikkje-budsjettert utgiftsside, jf. omtale under kapittel 4734, post 01. I tillegg vert det foreslått an-

dre tekniske justeringar mot andre kapittel som samla gir ei netto auke på 2,4 mill. kroner.

*Kap. 1740 Forsvarets logistikkorganisasjon*

Post 01 vert foreslått auka med netto 226,816 mill. kroner.

Auken på posten vert m.a. knytt til meirinntekter (246,5 mill. kroner). Meirinntekta har ei tilsvarende ikkje-budsjettert utgiftsside, jf. omtale under kapittel 4740, post 01.

Reduksjonen på posten gjeld m.a. teknisk justering som følgje av organisatoriske endringar i Forsvarets logistikkorganisasjon (13,3 mill. kroner). Posten vert vidare foreslått redusert som følgje av teknisk omdisponering til kapittel 1720 for gjennomføring av vakthald på Kolsås (3 mill. kroner). I tillegg vert det foreslått andre tekniske justeringar mot andre kapittel som samla gir ein netto reduksjon på 3,4 mill. kroner.

*Kap. 1760 Nyskaffing av materiell og nye bygg og anlegg*

Post 01 vert foreslått auka med 116,384 mill. kroner.

Auken på posten gjeld teknisk justering som følgje av organisatoriske endringar i Forsvarets logistikkorganisasjon (114,3 mill. kroner). I tillegg vert posten foreslått auka med 2,1 mill. kroner grunna meirinntekter. Meirinntekta har ei tilsvarende ikkje-budsjettert utgiftsside, jf. omtale under kapittel 4760, post 01.

*Kap. 1790 Kystvakta*

Post 01 vert foreslått redusert med 17,508 mill. kroner.

Reduksjonen på posten vert i all hovudsak knytt til fritak for meirverdiavgift for leigde fartøy (18 mill. kroner). Det vert vidare foreslått tekniske justeringar mot andre kapittel som samla gir ein netto auke på 0,5 mill. kroner.

*Kap. 1791 Redningshelikoptertenesta*

Post 01 vert foreslått redusert med 3,737 mill. kroner.

Reduksjonen på posten gjeld m.a. teknisk justering som følgje av organisatoriske endringar i Forsvarets logistikkorganisasjon (6,1 mill. kroner).

Auken på posten gjeld meirinntekter. Meirinntekta har ei tilsvarende ikkje-budsjettert utgiftssi-

de, jf. omtale under kapittel 4791, post 01 (2,4 mill. kroner).

#### *Kap. 1792 Norske styrkar i utlandet*

Post 01 vert foreslått auka med 44,674 mill. kroner.

Auken på posten gjeld meirinntekter. Meirinntekta har ei tilsvarande ikkje-budsjettert utgiftsside, jf. omtale under kapittel 4792, post 01 (32,9 mill. kroner). Posten vert vidare foreslått auka knytt til betalingsutsetting av Latvia sin del av fellesutgifter i PRT Meymaneh (10 mill. kroner). Det vert vidare foreslått tekniske justeringar mot andre kapittel som samla gir ein auke på 1,8 mill. kroner.

#### *Kap. 1795 Kulturelle og allmennyttige føremål*

Post 01 vert foreslått auka med 23,908 mill. kroner.

Auken på posten vert m.a. knytt til høgare kostnader enn budsjettert ved Forsvarets avdeling for kultur og tradisjon (FAKT) (3 mill. kroner). Posten vert vidare foreslått tilført 12 mill. kroner grunna meirinntekter. Meirinntekta har ei tilsvarande ikkje-budsjettert utgiftsside, jf. omtale under kapittel 4795, post 01. Det vert vidare foreslått å styrkje vedlikehaldet på dei nasjonale festningsverka (10,5 mill. kroner). Dette vil bidra til å nå målsettinga om ordinært vedlikehaldsnivå for forsvarssektorens kulturminne innan 2020.

Det vert vidare foreslått mindre tekniske justeringar mot andre kapittel som samla gir ein netto reduksjon på 1,6 mill. kroner.

#### **2.1.2 Post 21 Spesielle driftsutgifter**

Kapitel 1735 Etterretningstenesta, post 21 vert foreslått auka med 0,999 mill. kroner.

#### **2.1.3 Post 43 Til disposisjon for Forsvarsdepartementet**

Posten representerer ein reserve for Forsvarsdepartementet. I 2010 vert posten nytta til å dekkje ymse meirbehov, mellom anna kostnader i samband med vinterklede til den afghanske spesialpolitieininga *Crisis Response Unit (CRU)* samt økonomisk stønad til nytt ungdomens hus i Ørland kommune.

Posten vert foreslått redusert med 14 mill. kroner for å dekkje ymse meirbehov på andre kapittel og postar.

#### **2.1.4 Post 44 Fellesfinansierte byggje- og anleggsarbeid, nasjonalfinansiert del**

Posten vert foreslått redusert med 27 mill. kroner grunna noko lågare framdrift enn planlagt på prosjekta knytte til *Joint Warfare Centre (JWC)*.

#### **2.1.5 Post 47 Nybygg og nyanlegg**

Kapittel 1710 Forsvarsbygg og nybygg og nyanlegg, post 47 Nybygg og nyanlegg, vert foreslått redusert med 9,8 mill. kroner. Dette skuldast ei teknisk omdisponering til kapittel 1792 Norske styrkar i utlandet, post 47 Nybygg og nyanlegg. Omdisponeringa er knytt til å dekkje kostnader relatert til investeringsaktivitet i Afghanistan, hovudsakleg for å ivareta tryggleiken til dei norske soldatane (9,8 mill. kroner).

#### **2.1.6 Post 48 Fellesfinansierte byggje- og anleggsarbeid, fellesfinansiert del**

Posten vert foreslått redusert med 83,000 mill. kroner.

Reduksjonen skuldast noko lågare framdrift enn planlagt på prosjekta knytte til *Joint Warfare Centre (JWC)*, og må sjåast i samheng med reduserte inntekter på kapittel 4760, post 48.

#### **2.1.7 Post 72 Overføring til andre**

Posten vert foreslått auka med 0,239 mill. kroner grunna ei teknisk korrigering av løyvinga i 2010.

#### **2.1.8 Post 73 Forsking og utvikling**

Post 73 vert foreslått redusert med 0,700 mill. kroner grunna mindrebehov på posten i 2010.

#### **2.1.9 Post 75 Fellesfinansierte byggje- og anleggsarbeid, Noregs tilskott til NATOs investeringsprogram for tryggleik**

Post 75 vert foreslått auka med 50 mill. kroner.

Auken vert mellom anna knytt til høgare investeringsaktivitet innanfor NATO sitt investeringsprogram for tryggleik.

### **2.2 Inntekter**

Det vert registrert netto meirinntekter på 412,628 mill. kroner i 2010.

### 2.2.1 Post 01 Driftsinntekter

Post 01 driftsinntekter vert foreslått auka med 422,328 mill. kroner.

#### *Kap. 4720 Felles leiings- og kommandoapparat*

Post 01 vert foreslått auka med 41,003 mill. kroner.

Auken vert knytt til refusjon av utgifter i samband med at allierte og andre samarbeidsnasjonar har vore på øving i Noreg (31,2 mill. kroner). Auken gjeld vidare høgare inntekter enn varsla på budsjetteringstidspunktet knytte til verksemda ved Forsvarets Høgskole (9 mill. kroner) og ved Forsvarets sanitet (3 mill. kroner).

Reduksjonen på posten gjeld m.a. teknisk justering av omdisponeringar som følgje av organisatoriske endringar i Forsvarets logistikkorganisasjon (2,2 mill. kroner).

#### *Kap. 4723 Nasjonalt tryggingsorgan*

Posten vert foreslått auka med 0,4 mill. kroner grunna ei teknisk korrigerering av løyvinga i 2010.

#### *Kap. 4725 Fellesinstitusjonar og -inntekter under Forsvarsstaben*

Post 01 vert foreslått auka med 5,128 mill. kroner.

Auken gjeld refusjon av utgifter knytte til tenester Forsvaret har utført for Forsvarsdepartementet og Justisdepartementet (2,4 mill. kroner). Auken gjeld vidare teknisk justering som følgje av organisatoriske endringar i Forsvarets logistikkorganisasjon (2,7 mill. kroner).

#### *Kap. 4731 Hæren*

Post 01 vert foreslått auka med 13,001 mill. kroner.

Auken gjeld ikkje-budsjetterte inntekter knytte til drift av fritidsmesser (1 mill. kroner), sal av enkeltmåltider (9 mill. kroner) samt refusjonar av oppsamla kostnader knytte til ein samarbeidsavtale med Nederland, *Army Cooperation Initiative* (5 mill. kroner).

Reduksjonen på posten gjeld teknisk justering som følgje av organisatoriske endringar i Forsvarets logistikkorganisasjon (2 mill. kroner).

#### *Kap. 4732 Sjøforsvaret*

Post 01 vert foreslått auka med 5,593 mill. kroner.

Auken på posten gjeld teknisk justering som følgje av organisatoriske endringar i Forsvarets logistikkorganisasjon (0,4 mill. kroner) samt ikkje-budsjetterte inntekter knytte til drift av fritidsmesser og sal av enkeltmåltider (5,2 mill. kroner).

#### *Kap. 4733 Luftforsvaret*

Post 01 vert foreslått auka med 58,719 mill. kroner.

Auken på posten vert knytt til samhandling med Rygge sivile lufthamn og samhandlingsavtalen med AVINOR (62 mill. kroner).

Reduksjonen på posten gjeld teknisk justering som følgje av organisatoriske endringar i Forsvarets logistikkorganisasjon (3,3 mill. kroner).

#### *Kap. 4734 Heimevernet*

Post 01 vert foreslått auka med 2,545 mill. kroner.

Auken på posten gjeld teknisk justering av som følgje av organisatoriske endringar i Forsvarets logistikkorganisasjon.

#### *Kap. 4740 Forsvarets logistikkorganisasjon*

Post 01 vert foreslått auka med 246,545 mill. kroner.

Auken på posten vert knytt til sal av drivstoff til allierte og andre samarbeidsnasjonar på øving i Noreg (90 mill. kroner), sal av materiell gjennom Forsvarets avhendingsprosjekt (118,8 mill. kroner) samt sal av materiell (telt, sovekabinar, konteinrar m.m.) til det danske forsvaret i Afghanistan (13,6 mill. kroner). Posten vert vidare foreslått auka fordi avtalen om refusjon frå Norsk Medisinaldepot opphøyrar (12,5 mill. kroner), sal av ammunisjon til politiet (1,7 mill. kroner), sal av renovert kvartermateriell til Forsvarsbygg (1,6 mill. kroner) samt teknisk justering som følgje av organisatoriske endringar i Forsvarets logistikkorganisasjon (1,8 mill. kroner). I tillegg vert det foreslått andre mindre endringar som samla gir ein auke på 6,5 mill. kroner.

#### *Kap. 4760 Nyskaffing av materiell og nye bygg og anlegg*

Post 01 vert foreslått auka med 2,088 mill. kroner. Auken gjeld tilbakebetaling av utlegg i samband med at Noreg drifter eit felles nordisk prosjekt-kontor knytt til *Nordisk Standard Helikopter Program (HSHP)*.

*Kap. 4791 Redningshelikoptertenesta*

Post 01 vert foreslått auka med 2,423 mill. kroner som vert knytt til lønnsoppgjeret i 2010 for Justisdepartementet sin del Redningshelikoptertenesta.

*Kap. 4792 Norske styrkar i utlandet*

Post 01 vert foreslått auka med 32,883 mill. kroner.

Auken på posten gjeld refusjonar som følgje av forvaltingsavtalar som regulerer kostnadsdeling mellom andre samarbeidsnasjonar.

*Kap. 4795 Kulturelle og allmennyttige formål*

Post 01 vert foreslått auka med 12 mill. kroner.

Auken på posten gjeld meirinntekter knytt til "Norsk Militær Tattoo" (6 mill. kroner), Forsvarets musikk (2 mill. kroner) samt inngangspengar ved Forsvarets museum og Forsvarets kommandoskap (4 mill. kroner).

**2.2.2 Post 45 Store nyskaffingar**

Post 45 vert foreslått auka med 50 mill. kroner.

Auken vert knytt til royalties (15,8 mill. kroner) og konvensjonalbøter (1 mill. kroner), tilbakebetaling av utlegg for oppsamla kostnader knytte til investeringsprosjekta "*Multinational Geospatial Co-production*" (26,8 mill. kroner) og "*Multi-sensor Aerospace/Ground Joint Interoperability Coalition*" (4,8 mill. kroner) samt kampflyprogrammet (1,9 mill. kroner). Midlane vert foreslått tilført kapittel 1731 Hæren for kjøp av øvingsammunisjon.

**2.2.3 Post 48 Fellesfinansierte bygge- og anleggsarbeid, fellesfinansiert del**

Post 48 vert foreslått redusert med 60,000 mill. kroner.

Reduksjonen skuldast noko lågare framdrift enn planlagt på prosjekta knytte til *Joint Warfare Centre (JWC)*.

**3 Bestillingsfullmakter**

Regjeringa foreslår ei intern omfordeling av bestillingsfullmakter mellom kapitla.

Bestillingsfullmakter *under kapittel 1720 Felles leiings- og kommandoapparat, post 01 driftsutgifter*, vert foreslått auka med 60 mill. kroner, frå 0 til 60 mill. kroner. Auken gjeld endra ansvarsforhold mellom kapittel 1720 og 1725, jf. omtale i Prop. 1 S (2009–2010).

Bestillingsfullmakter *under kapittel 1725 Fellesinstitusjonar og -utgifter under Forsvarsstaben, post 01 driftsutgifter*, vert foreslått redusert med 60 mill. kroner, frå 80 mill. kroner til 20 mill. kroner. Reduksjonen gjeld endra ansvarsforhold mellom kapittel 1720 og 1725, jf. omtale i Prop. 1 S (2009–2010).

Forsvarsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet for 2010 under Forsvarsdepartementet.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget vert bede om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet for 2010 under Forsvarsdepartementet i samsvar med eit framlagt forslag.



## Forslag

### til vedtak om endringer i statsbudsjettet for 2010 under Forsvarsdepartementet

## I

I statsbudsjettet for 2010 vert det gjort følgjande endringer:

## Utgifter:

Kap	Post	Føremål	Kroner
1700		Forsvarsdepartementet	
	73	Forskning og utvikling, <i>kan overførast</i> , vert redusert med . . . . . frå kr. 15 794 000 til kr. 15 094 000	700 000
1710		Forsvarsbygg og nye bygg og anlegg	
	47	Nye bygg og anlegg, <i>kan overførast</i> , vert redusert med . . . . . frå kr. 1 585 630 000 til kr. 1 575 830 000	9 800 000
1719		Fellesutgifter og tilskott til føretak under Forsvarsdepartementet	
	01	Driftsutgifter, vert redusert med . . . . . frå kr. 342 179 000 til kr. 336 390 000	5 789 000
	43	Til disposisjon for Forsvarsdepartementet, <i>kan overførast</i> , vert redusert med . . . . . frå kr. 16 500 000 til kr. 2 000 000	14 500 000
1720		Felles leiings- og kommandoapparat	
	01	Driftsutgifter, vert redusert med . . . . . frå kr. 2 565 479 000 til kr. 2 476 856 000	88 623 000
1723		Nasjonalt tryggingsorgan	
	01	Driftsutgifter, vert redusert med . . . . . frå kr. 116 960 000 til kr. 116 560 000	400 000
1725		Fellesinstitusjonar og -utgifter under Forsvarsstaben	
	01	Driftsutgifter, vert auka med . . . . . frå kr. 1 919 274 000 til kr. 2 049 994 000	130 720 000
1731		Hæren	
	01	Driftsutgifter, vert auka med . . . . . frå kr. 5 050 742 000 til kr. 5 099 774 000	49 032 000

Kap	Post	Føremål	Kroner
1732		Sjøforsvaret	
	01	Driftsutgifter, vert auka med . . . . . frå kr. 3 184 447 000 til kr. 3 211 695 000	27 248 000
1733		Luftforsvaret	
	01	Driftsutgifter, vert auka med . . . . . frå kr. 3 802 310 000 til kr. 3 886 696 000	84 386 000
1734		Heimevernet	
	01	Driftsutgifter, vert redusert med . . . . . frå kr. 1 028 725 000 til kr. 1 028 204 000	521 000
1735		Etterretningstenesta	
	21	Spesielle driftsutgifter, vert auka med . . . . . frå kr. 928 275 000 til kr. 929 274 000	999 000
1740		Forsvarets logistikkorganisasjon	
	01	Driftsutgifter, vert auka med . . . . . frå kr. 2 810 236 000 til kr. 3 037 052 000	226 816 000
1760		Nyskaffing av materiell og nye bygg og anlegg	
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under kap. 1760, post 45,</i> vert auka med . . . . . frå kr. 866 582 000 til kr. 982 966 000	116 384 000
	44	Fellesfinansierte byggje- og anleggsarbeid, nasjonalfinansiert del, <i>kan overførast,</i> vert redusert med . . . . . frå kr. 80 000 000 til kr. 53 000 000	27 000 000
	48	Fellesfinansierte byggje- og anleggsarbeid, fellesfinansiert del, <i>kan overførast,</i> vert redusert med . . . . . frå kr. 209 000 000 til kr. 126 000 000	83 000 000
	75	Fellesfinansierte byggje- og anleggsarbeid, Noregs tilskott til NATO's investeringsprogram for tryggleik, <i>kan overførast,</i> <i>kan nyttast under kap. 1760, post 44,</i> vert auka med . . . . . frå kr. 90 000 000 til kr. 140 000 000	50 000 000
1790		Kystvakta	
	01	Driftsutgifter, vert redusert med . . . . . frå kr. 957 520 000 til kr. 940 012 000	17 508 000
1791		Redningshelikoptertenesta	
	01	Driftsutgifter, vert redusert med . . . . . frå kr. 478 697 000 til kr. 474 960 000	3 737 000

Kap	Post	Føremål	Kroner
1792		Norske styrkar i utlandet	
	01	Driftsutgifter, vert auka med ..... frå kr. 1 531 594 000 til kr. 1 576 268 000	44 674 000
(ny)	47	Nye bygg og anlegg, <i>kan overførast</i> , vert løyvd med .....	9 800 000
1795		Kulturelle og allmennyttige føremål	
	01	Driftsutgifter, vert auka med ..... frå kr. 258 339 000 til kr. 282 247 000	23 908 000
	72	Overføring til andre, vert auka med ..... frå kr. 1 766 000 til kr. 2 005 000	239 000
Inntekter:			
Kap	Post	Føremål	Kroner
4720		Felles leiings- og kommandoapparat	
	01	Driftsinntekter, vert auka med ..... frå kr. 67 698 000 til kr. 108 701 000	41 003 000
4723		Nasjonalt tryggingsorgan	
	01	Driftsinntekter, vert auka med ..... frå kr 2 523 000 til kr. 2 923 000	400 000
4725		Fellesinstitusjonar og -inntekter under Forsvarsstaben	
	01	Driftsinntekter, vert auka med ..... frå kr. 41 446 000 til kr. 46 574 000	5 128 000
4731		Hæren	
	01	Driftsinntekter, vert auka med ..... frå kr. 32 551 000 til kr. 45 552 000	13 001 000
4732		Sjøforsvaret	
	01	Driftsinntekter, vert auka med ..... frå kr. 31 925 000 til kr. 37 518 000	5 593 000
4733		Luftforsvaret	
	01	Driftsinntekter, vert auka med ..... frå kr. 114 634 000 til kr. 173 353 000	58 719 000
4734		Heimevernet	
	01	Driftsinntekter, vert auka med ..... frå kr. 3 488 000 til kr. 6 033 000	2 545 000

Kap	Post	Føremål	Kroner
4740		Forsvarets logistikkorganisasjon	
	01	Driftsinntekter, vert auka med . . . . .	246 545 000
		frå kr. 141 104 000 til kr. 387 649 000	
4760		Nyskaffing av materiell og nye bygg og anlegg	
(ny)	01	Driftsinntekter, vert løyvd med . . . . .	2 088 000
(ny)	45	Store nyskaffingar, vert løyvd med . . . . .	50 300 000
	48	Fellesfinansierte byggje- og anleggsarbeid, fellesfinansiert del, vert redusert med . . . . .	60 000 000
		frå kr. 209 000 000 til kr. 149 000 000	
4791		Redningshelikoptertenesta	
	01	Driftsinntekter, vert auka med . . . . .	2 423 000
		frå kr. 434 997 000 til kr. 437 420 000	
4792		Norske styrkar i utlandet	
	01	Driftsinntekter, vert auka med . . . . .	32 883 000
		frå kr. 10 177 000 til kr. 43 060 000	
4795		Kulturelle og allmennyttige føremål	
	01	Driftsinntekter, vert auka med . . . . .	12 000 000
		frå kr. 2 369 000 til kr. 14 369 000	

## II

## Bestillingsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Forsvarsdepartementet i 2010 kan gjere bestillingar utover dei gjevne løyvingane. Den samla ramma for nye bestillingar og gammalt ansvar skal ikkje overstige følgjande beløp:

Kap.	Post		Samla ramme
1720		Felles leiings- og kommandoapparat	
	01	Driftsinntekter, vert løyvd med . . . . .	60 000 000
1725		Fellesinstitusjonar og -inntekter under Forsvarsstaben	
	01	Driftsinntekter, vert redusert med . . . . .	60 000 000
		frå kr. 80 000 000 til kr. 20 000 000	